

Tilknyttta organisasjonar;



Molde kommune

Molde, 8. feb. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

## Høyring - bygging av skogsveg i Moldemarka

Vi viser til høyring om bygging av landbruksveg i Moldemarka, på Bjørset ved Brattlihaugen, med høyringsfrist 9 feb. 2024.

Slik vi har forstått dette skal vegen byggast som ein traktorveg i vegklasse 7 på til saman 700 meter. Vegen skal brukast til uttak av tømmer samt at den skal tilreggeleggst som tursti. Grunneigar har tidligare søkt om adkomst til dette skogområdet frå sør, men trakk søknaden etter utfordringer med å krysse den grønne korridoren (statlig sikra område) langs Bjørsetbekken. For nokre år sia vart ei plan om utbyggingsområde (til bolig) nettopp her i Brattlia stoppa grunna at tilkomstløysing ikkje er akseptabel frå sør.

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur og friluftsliv. Arealendringar utgjør den største trusselen mot norsk natur, planter og dyr. Endringane vil svekke styringen av arealbruk og moglegheita til å se sumeffekten, og dermed forverre situasjonen for naturen i Norge. Nedbygging av natur er eit tema som no fort treff denne plana for ytterlegare vegutbygging i Moldemarka. Vi sett opp våre synspunkt som vi ber kommunen ta omsyn til i den vidare behandling av denne saka:

1. Moldemarka er rekreasjonsområde nr 1 for Molde by og all verksemd her er interessant for folk. Difor må plana sendast på offentleg høyring. Det betyr i praksis å behandle utbygginga som ei vanleg sak med oppstartsmelding, høyring etc etter prosessreglane handtert etter plan- og bygningslova. Ei høyring på denne måten til berre utvalde organisasjonar (6 stk) følger ikkje spelereglane for god folkeskikk/forvaltningsskikk.



**Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner**  
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

2. Den nye traktorvegen med tilhøyrande hogst vil auke/forsterke inngrepet av skogsbilvegen på oppsida. Fleire vegar og meir hogst tilseier at ein må køyre prosessen som ein reguleringsplan for å kunne måle dei ulike interessene.
3. Moldemarka er unik i fylket vårt ved at den er den einaste staden i fylket ein har laga ei eiga markaplan. Prosessen i planprosessen for utviklinga av Moldemarkplana var grundig og kan etter som vi ser det, stå for ein god prosess for medverknad. Vi ønskjer at kommunen sett denne skogsvegen i samanheng med denne og i høve til dei statleg sikra friluftsområda i Moldemarka. Vi viser til overordna mål med markaplana; *«Forvaltningen av Moldemarka skal først og fremst ivareta hensynet til naturopplevelser og rekreasjon, samtidig som en sikrer det biologiske mangfoldet, drikkevannsforsyninga, landskapsbildet og klimavernet.»*
4. Ein konsekvens av å gi løyve til landbruksveg er å gi statstilskot til vegen med påfølgande planteplikt. Då blir det fort satt krav om å erstatte furu med gran. Dette er ille nok til vanleg, og svært ugreit i Moldemarka. Etter at Rindalingane vart trøndera er det ikkje stadeigen gran i fylket lenger. Vi ber om at kommunen tek omsyn til at dette og heller sett att frøtre av furu framfor nyplanting av framande tresortar.
5. I 50/100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser jfr Pbl. § 1-8 første ledd. Vi les at det er eit nasjonalt mål (satt av regjeringa) at strand- og vassdragssona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Vi ber difor om at ein tek spesielt omsyn til Bjørsetelva.
6. Vi synes det er fint at det blir bygd turvegar/turstiar og at det leggst til rette for folkehelsa. Så langt vi har registrert er det i dag i alle fall delvis ein gamal hesteveg i området frå før. Dvs. at det finst stiar og anna der ferdsel er lett. Slike gamle stiar og vegar har ein verdi som eit godt tilgrodd tilretteleggingstiltak, ofte mjuk sti som ikkje blir våt. Slike bør ein ta vare på. Blir det bygd traktorveg, forsvinn slike gamle vegfar fort vekk. I dette området finst det rikeleg med grusvegar frå før, dei mjuke og gamle blir borte ein etter ein. For folkehelsa sin del er det om å gjere at dei som ikkje toler å gå på grusveg kan få behalde den gamle hestevegen. Vi meiner at enkle turstiar ofte er nok til å gi folkehelse samstundes som ein tek omsyn til natur på ein meir berekraftig måte.
7. Vi meiner å sjå at dette naturområdet ved Brattlihaugen har stor rekreasjonsverdi for folk generelt og barnehagar/skular i nærheita spesielt. Vi fryktar at fragmenteringa diverre aukar med denne plana og dette ikkje er tålbart for naturen og går over naturens bærevne. Vi ber om at det blir teke nødvendig omsyn til naturen i og rundt Brattlihaugen ved denne utbyggingsplana.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator

FNF Møre og Romsdal